

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING – TUEKRYSSET

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 varslar Vanylven kommune med dette oppstart av detaljregulering av Tue-krysset. Planen blir utarbeidd i samsvar med pbl §12-3 og §12-10. Norconsult AS er innleie som plankonsulent.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for å utvikle eit nærings- og serviceområde på om lag 10 daa av eigedom 71/5 nordvest for vegkryss fv.620/fv.61. Med nærings- og serviceområde meinast knute- og kvilepunkt for turistar, med etablering av vegkro/kiosk, rasteplass med leikeområde, toalett og oppstillingsplassar for bobilar med moglegheit for tømning samt ladestasjon for el-bilar og liknande funksjonar.

Planstatus

Området er ikkje regulert tidlegare. I kommuneplanens arealdel er området avsett til LNF med omsynssone landbruk. Føremålet for reguleringsplanen er såleis ikkje i samsvar med overordna plan.

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing (KU)

Det brukast *Forskrift om konsekvensutredningar* for vurderinga.

§ 6 b – Planar og tiltak som alltid skal ha konsekvensutgreiing og ha planprogram/ tiltak i vedlegg I.

Potensielle tiltak:

- Pkt. 24 – Næringsbygg, [...] med eit bruksareal på meir enn 15 000 m².
→ *ikkje aktuelt. Det skal ikkje etablerast så store bygg.*

§ 8 a – Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss de kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn/ tiltak i vedlegg II

- 10 b – Utviklingsprosjekter for by- og tettstadsområda, inkluder kjøpesentrar og parkeringsanlegg
→ *ikkje aktuelt. Området er tilknytt sentrumsområdet, men er av mindre omfattande storleik og relatert til turisme.*
- 11 c – Reinseanlegg for spillvatn
→ *det er planlagt anlegg for tømning av bobilar samt offentleg toalettanlegg/ evt. dusj. Avlaupet skal føyrast til kommunalt nett dersom mogleg. Alternativt kan det være behov for eit lokalt reinseanlegg. Omfanget av anlegget vil likevel være beskjeden, slik at eigen KU for dette ikkje vil være naudsynt.*
- 11 j – Næringsbygg, [...] som ikkje inngår i pkt. 10 b [...]
→ *sjå vurdering om konsekvensar for miljø og samfunn*
- 12 d permanente campingplassar
→ *Planen kan evt. opne for moglegheit for overnatting i campingvogn, -bil eller telt i små skala. Området skal ikkje være en campingplass, men kan evt. tilby nokon få plassar for ad-hoc overnatting i ei natt, dvs. utan bestilling/ reservering.*

§ 10 – Kriterium for vurdering av om en plan eller et tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn

- a) verneområder [...], utvalgte naturtypar, prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekta, områda og kulturmiljø freda etter kml
- b) trua arter eller naturtypar, verdifull landskap, verdifull kulturminne og kulturmiljø [...]
→ *registrerte naturverdiar er knytt til vassdraget med tilhøyrande kantsone. Det er ikkje planlagt fysiske tiltak/inngrep i eller ved elva tilhøyrande kantsone. Utforming av bygningar og uteareala vil tilpassast omgjevnaden i storleik og utforming. Potensialet for kulturminna skal undersøkast i planprosessen. Ein er ikkje kjent med om det finnast kulturminne i området.*

- d) større bruksendring av områder avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet
→ *aktuelt. En liten del av et viktig og større landbruksareal skal endrast til utbyggingsformål. Arealet og verknadene er totalt sett ikkje av eit storleik som tilseier at ein må utgreie dette etter forskrifta og eigen KU. Verknadene for landbruket vil likevel omtales og drøftast meir omfattande i planomtalen, slik at avgjerdsgrunnlaget vil være tilstrekkeleg belyst.*
- h) risiko for alvorlege ulykker som ein følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum
→ *Flaumfaren vil avklarast i planprosessen og planen vil tilpassast, slik at risikoen vil være akseptabel*

Med bakgrunn i *Forskrift om konsekvensutgreiing* har Vanylven kommune vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om eigen konsekvensutgreiing etter forskrifta, men at enkelte tema som t.d. landbruket må omtales meir utfyllande for å gi tilstrekkeleg opplysningar for å kunne ta en avgjerd.

Planprosess

Dette er i fyrste omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse innan **13.05.2021**. Innspel til planarbeidet merkast med «Detaljregulering Tue-krysset» og sendast anten som brev til Vanylven kommune, Rådhusvegen 1, 6143 Fiskå eller med e-post til: postmottak@vanylven.kommune.no.

Kontaktperson hos Vanylven kommune er kommunalsjef teknisk Helge Kleppe, tlf: 70030071.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Synste Møre, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentleg ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.